



Årdal, 26.06.2019

Valdansvarlege rådyr

Vår ref.
19/4-16

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi,

Arkiv
K2 - K40

Informasjon om rådyrjakta i Årdal kommune

Då er det opna for rådyrjakt i Årdal kommune for fyrste gong. Det er totalt 6 vald som er godkjende for rådyrjakt og det vert delt ut totalt 13 fellingsløyve. På rådyrjakt vert det kun delt ut «frie løyve» frå kommunen. Bestandsplanområdet i Årdal har fått godkjent ein bestandsplan som også gjeld for rådyrjakta. Denne omtalar ønskjene for felling. De kan lesa bestandsplanen her: <http://www.laerdal.kommune.no/ardal-bestandsplanomraade-for-hjort.393390.no.html>

Her kjem litt generell info om rådyrjakta:

- **Jakttida** på rådyr er todelt. Generelt er jakttida frå 25. september – 23. desember. I tillegg er det rein bukkejakt (vaksen bukk) i perioden 10. august – 23. desember.
- **Kjeveinnsamling**: Grunna fluorutsleppa frå Hydro er me veldig interessert i å få inn kjevane frå alt rådyr som vert felt i Årdal. Desse merkast med «merkelappen» som vert utdelt på jegermøtet i august. Slike lappar vert også lagt ut i kassa ved skytebana på Knipenborg.
- **CWD-prøvetaking**: Det er ikkje pålagt å ta CWD-prøve for rådyr. Men ordninga er slik at alle prøvar som vert sendt inn, vert testa. Når det gjeld fallvilt skal kommunen ta prøve også av rådyr.
- **Ettersøkshund**: på lik linje med jakt på hjort og elg er det krav om tilgang til godkjent ettersøkshund ved jakt på rådyr.

Lukke til og skitt jakt!

Med helsing

Magnhild Aspevik
landbrukssjef
Landsbrukskontor ÅLA

Knut Fredrik Øi
Sakshandsamar Felles

Vedlegg:
Dok.dato
26.06.2019

Tittel
Løyvetildeling Årdal 2019 -
rådyr

Dok.ID
301452

